



Rune Seim
Krokjen 8
5912 SEIM

Deres ref.: Vår ref.: Vedtaksdato:
20/4076 - 4 / LIOYKO 06.05.2020 472/20

Landbruksak Gbnr 164/1 Sletten - Løyve til bygging av landbruksveg

Administrativt vedtak: Saknr: 472/20

VEDTAK:

Med heimel i forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier gjev Alver kommune Rune Seim løyve til bygging av omsøkt veg.

- Dersom det kjem fram kulturminner under arbeida med vegen må alt arbeid stoggast og Vestland fylkeskommune varslast.
- Vegen skal byggast som ømsøkt.

Vedtaket er gyldig til 10.05.2023. Om ikkje arbeida er sett i gong innan frist for løyve, fell løyvet bort jf. Forskrift 2015-05-28-550, paragraf 3-2

Saka gjeld: Søknad om bygging av landbruksveg på gbnr 164/1 Sletten i Alver kommune. Det skal byggast ca 300meter nyanlegg i klasse 4, landbruksvegklasse, for å gje tilkomst til skogen på garden.

VURDERING:

Prinsippa i §§ 8 –1 2 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurdering av vedtaket. Det er særleg vektlagd berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både på staden og sett i ein større samanheng. Kommunen har sjekka areala i Naturbase og artsdatabanken og det er ikkje kjende registreringar av viktige naturtypar, raudlista eller sårbare artar i området.

Saka har vært på høyring hos Vestland fylkeskommune og hos Fylkesmannen i Vestland. Sjå svar under frå fylkeskommunen:

Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde. Vi viser også til vårt varsel om synfaring i tidlegare innsende sak datert 26.02.2020. Saka gjeld bygging av landbruksveg på Sletten i Alver kommune.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 13207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Grunna endra søknad og korona-situasjonen vil me ikkje lengre prioritere ein synfaring til staden.

Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne som kjem i konflikt med vegen. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet søker å unngå inngrep i/skade på kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltingstypesmakt har vurdert funnet. Slik granskning vil verta utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om mogelege funn.

Me ynskjer i tillegg å informere tiltakshavar/grunneigar om at Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune også skal varslast om planlagt hogstarbeid for vurdering etter kulturminnelova. Varslelet skal innehalde følgande informasjon:

Gnr – Bnr – kommune

Kart over hogstområde og eventuelle planlagde driftsvegar, velteplassar, m.m.

Info om eventuelt kjende kulturminneverdiar i området.

Planlagt oppstartdato

Kontaktperson - e-post og organisasjonsnummer

Regelverk

Søknad om bygging av landbruksveg er handsama etter Forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksveier, FOR 201 5-05-28-550, og etter Naturmangfaldlova der vegen kan påverke natur-eller miljøverdiar i området.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 20/4076

Med vennleg helsing

Kjartan Nyhammer
Avdelingsleiar

Øystein Hafnor Kolstad
Rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur

Vedlegg

Kulturminnefagleg fråsegn - Søknad om landbruksveg - gbnr 164/1 Sletten AcosSvarInn.xml	1378560	06.05.2020
	1378561	06.05.2020

Mottakere:

Rune Seim	Krokjen 8	5912	SEIM
-----------	-----------	------	------